



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Møteinkalling

Utval: **Nærøyfjorden verneområdestyre**

Møtestad: Digitalt møte

Dato: 17.01.2025

Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/25	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 3/25	Orienteringar og referatsaker		
RS 1/25	Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre - Vik - Kommunal planstrategi 2024-2027 og planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen 2025-2036 - ref. 24/3251	2024/14800	
RS 2/25	Uttale - Nærøyfjorden landskapsvernombområde - restaurering av buføringsvegen, Fresvik - Fresvikjordalen	2024/16561	
RS 3/25	Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre - naturmangfaldsplan Voss herad	2023/18850	
RS 4/25	Tildeling av tiltaksmidlar - Nærøyfjorden landskapsvernombområde - flaum i Storeldalen i Fresvik 2024 - Lauvhoggbraua	2024/17247	
RS 5/25	Tiltaksmildar til reparasjon av båtslipp på Styvi - Nærøyfjorden landskapsvernombområde - tiltaksmidlar 2024	2023/17301	
RS 6/25	Nærøyfjorden verneområdestyre - Uttale til forslag til lov om besøksbidrag	2024/18373	
RS 7/25	Kunngjering av vernevedtak - Frønningen naturreservat - Lærdal kommune	2024/18790	
RS 8/25	Utredning av organisering av verneområdeforvaltere - invitasjon til Teams-møte 210125	2024/18199	
RS 9/25	Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernombområde - Hallinggrovi - opprydding etter ekstremværet Jacob	2021/6325	
RS 10/25	Løyve - delegert sak - Nærøyfjorden landskapsvernombområde - flaum i Storeldalen i Fresvik 2024 - Lauvhoggebraua	2024/17247	
ST 4/25	Nærøyfjorden landskapsvernombområde - restaurering av buføringsvegen/fjellvegen Fresvik - Fresvikjordalen	2024/16561	
ST 5/25	Nærøyfjorden verneområdestyre - møteplan 2025	2024/15793	
ST 6/25	Nærøyfjorden verneområdestyre - Gudvangen - Installasjon av skredvarslingssystem ved Nautgrovi	2024/18473	

ST 1/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 2/25 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 3/25 Orienteringar og referatsaker
RS 1/25 Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre - Vik - Kommunal planstrategi 2024-2027 og planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen 2025-2036 - ref. 24/3251
RS 2/25 Uttale - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - restaurering av buføringsvegen, Fresvik - Fresvikjordalen
RS 3/25 Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre - naturmangfaldsplan Voss herad
RS 4/25 Tildeling av tiltaksmidlar - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - flaum i Storeldalen i Fresvik 2024 - Lauvhoggbrua
RS 5/25 Tiltaksmildar til reparasjon av båtslipp på Styvi - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - tiltaksmidlar 2024
RS 6/25 Nærøyfjorden verneområdestyre - Uttale til forslag til lov om besøksbidrag
RS 7/25 Kunngjering av vernevedtak - Frønningen naturreservat - Lærdal kommune
RS 8/25 Utredning av organisering av verneområdeforvaltere - invitasjon til Teams-møte 210125
RS 9/25 Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - Hallinggrov - opprydding etter ekstremværet Jacob
RS 10/25 Løyve - delegert sak - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - flaum i Storeldalen i Fresvik 2024 - Lauvhoggebrua



Arkivsaksnr: 2024/16561-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 08.01.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	4/25	17.01.2025

Nærøyfjorden landskapsvernombord - restaurering av buføringsvegen/fjellvegen Fresvik - Fresvikjordalen

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev løyve til tilretteleggingstiltak på buførestien mellom Fresvik og Fresvikjordalen. Tilretteleggingstiltaka inneber å mura opp att stimurar, omlegging av sti på nokre strekningar, og omlegging til gamal stitrase langs Vassosvatnet til Gryteskarvbreen. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 1.3 f) og naturmangfaldlova § 48 første ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Gjennom steinurene (tiltak 1 og 2 i søknaden) skal stien tilretteleggjast ved å legge steinar til rette i stien. Steinane kan plukkast frå område i og nær stien. Torv og vegetasjon skal leggjast tilbake der steinane er plukka.
- Stimurane i Bratta (tiltak 3 i søknaden) skal byggast opp att av Stein frå eksisterande murar. Det kan nyttast boltar for å sikre feste for steinane i botnen av muren. Vegmuren er ca. 15 meter, og kan ha ei bredde på inntil 1 meter.
- Stien skal oppretthaldast som enkel buføringsti, med maksimum breidde på inntil 1 meter. Der stien skal gravast inn att i terrenget (tiltak 4 i søknaden), skal stien ha ca 50 cm breidde.
- Store steinar i stien i Tundalen som ikkje kan flyttast med spett, kan delast med ekspanderande mørtel (Trollkraft). Steinane skal delast, og ikkje sprengast.
- Grunneigarane i området er eigar av stien, og har ansvar for vedlikehald av stien.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturavr dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturmilne jf. lov om kulturmilne § 8, 2. ledd.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:



Nærøyfjorden verneområdestyre

- Søknad om løyve for utbetring/restaurering av buførevegen Fresvik – Jordalen, *Fresvik Beitelag*, 05.11.2024
- Uttale – Nærøyfjorden landskapsvernområde – restaurering av buføringsvegen, Fresvik-Fresvikjordalen, *Nærøyfjorden verneområdestyre*, 27.11.2024


Søknaden

I søknaden skriv Fresvik beitelag at dei ynskjer «å *utføre utbetring av fjellvegen mellom Fresvik og Jordalen, med hovudmål å leggje betre til rette for buføring av småfe tilpassa dagens behov. Denne vegen er viktig for tradisjonell bruk av området, og utbetringa vil bidra å bevare og styrke viktige kultur- og naturverdiar i samsvar med verdsarven.*

Fjellvegen mellom Jordalen og Fresvik har i tidligare tider vore nyttet som buføringsveg for småfe storfe, hest og geiter etter sommarbeite i Jordalen. Denne vegen er ein viktig del av den tradisjonelle drifta med buføring, som har vore praktisert i fleire generasjonar. På grunn av reduserte snømengder i området er det no behov for utbetring og omlegging av vegen i enkelte område. Spesielt gjeld dette parti der vegen tidlegare har vore godt framkomeleg, men som no er utfordrande å ferdast i grunna reduserte bre- og snøfennar. Andre områder er det behov for å reperasjon av eksisterande veg for å sikre god og trygg ferdsel med småfe.

For å bevare funksjonaliteten til fjellvegen, vil delar av vegen bli lagt om til område som har blitt nyttet i eldre tider for buføring, og som i dag er meir eigna for trygg og effektiv ferdsel. Dette tiltaket vil bidra til å sikre vidareføring av tradisjonell bruk, samtidig som det tillpassar seg dei nye naturforholda. Det vil også legge til rette for at tidligare buføring av hest og storfe kan bli aktuelt.»

Dei søker om å gjennomføra fire tiltak i perioden 2025 til 2026.




Figur 1 Tiltakspunkta markert på kart. Kjelde: Fylkesatlas



Tiltak 1 – Omlegging veg fra Vassosen til Gryteskarvbreen

«Omfanget av Gryteskarvbreen er over fleire år redusert. Ein ser det som hensiktsmessig og legge om vegen for å oppnå meir effektiv rute med låg høgdeforskjell. Det er ein veg som er nytta i eldre tider og i enkelte mindre parti framkjem tidligare veg.

Ved vassosenvatnet må trase ryddes for stein og steinlegges med ega Stein frå nærliggande område. I resterande trase må det primært ryddast for stein slik at veg er på fast underlag. Vegbredde minimum 50cm. Truleg har tidligare veg våre noko breiare. Lengde på trase ca 950meter».



Figur 2 Ny sti Vassosvatnet. Kjelde: kart frå søknad

Tiltak 2 – Etablering av veg Båsfonni

«Eksisterande vegtrase går over Båsfonni men pga reduksjon av størrelse er det hensiktsmessig å etablere/rydde veg i området. Området består av større steinmassar og er krevande å passere for småfe.

Tilsvarande tiltak som ved Vassosenvatnet. Det må ryddes stein for å etablere ny steinlagt trase. Vegbredde minimum 50cm. Lengde på ny veg ca 150meter».

Tiltak 3 – Muring av utrust veg Bratta

«Veg i Bratta er som det ligg i navnet bratt og delar av vegen består av mura veg i ekstra bratte parti. Det er utrasa mur i vegtrase i øvre del av bratta som er uheldig for god og trygg ferdsel med småfe.

Delvis utrasa mur må fjernes og det bør bores ned kamstål med horisontale impregnert treverk for støtte til ny mur. Ny veg steinlegges og trappetrinn må etableres. Tidligare vegbredder er ca 1 meter og ny mur etableres med tilsvarande bredde. Lengde på ny mura veg ca 15 meter».

Tiltak 4 – Rydding/utbetring av veg i Tundalen

«Vegen er utsatt for ras og det er jevning stein i veg. Vegen blir vedlikeholdt sporadisk, men det er krevande å rydde større steinar samt bevare veg i område som er rast ut. Det er behov for å utføre tiltak for å fjerne større stein samt omlegging av veg i enkelte parti.

Tiltak består av mange parti med kvar sine mindre tiltak som utrasa områder, smal sti og store steinar i stien. I utrasa områder er sti smal og det må graves med spa/krafse for



utvidelse av sti inntil 50cm. Større steinar må fjernes med hjelpemiddel som spett og evt bruk av ekspanderende mørTEL (trollkraft). Tidligare vegbredde var ca 1 meter. Lengde veg i Tundalen ca 5 km».

Beitelaget har søkt Vestland fylkeskommune om tilskot til kulturminne i verdsarven. Nærøyfjorden verneområdestyre har gitt uttale til denne søknaden, og gitt støtte til å gjennomføra utbetringstiltaka. Det er samtidig peika på at verneområdestyret vil vurdera tilbakeføring av sti til gamal trase i handsaming av søknad om tiltaket.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008
- Restaureringsplan Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden – 2021-2026

Lovgrunnlaget

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Vanleg vedlikehald av stiar og vegar kan gjennomførast jf. verneforskrifta § 1.2 b). Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til «Oppsetting av nye gjerde (som ikkje gjeld stenging av skorfeste og oppsetting av kve), oppmerking og varding av nye fotturruter og nybygging av bruer og klopper.», jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 f).

Steinlegging av sti og fjerning av store steinar frå stien er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta. Forvaltinga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et verneverdetak dersom det ikkje strider mot verneverdetakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.».*

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Buferingsvegen mellom Engi i Fresvik til Fresvikjordalen er stien til stølane i Fresvikjordalen. Store deler av stien er innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde. Buferingsvegen er omtalt som viktig kulturminne i både forvaltningsplanen for Nærøyfjorden (*Forvaltningsplan*,



Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden – rapport nr. 1 2008) og i Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden 2021-2027 (Vestland fylkeskommune). I forvaltningsplanen er det peika på at vegar og ferdsselsårer er sentrale kulturminne i Nærøyfjordområdet. Denne stien er også omtalt som ein viktig turveg inn i Nærøyfjordområdet i Vik kommune. Den er også nemnt som aktuell sti for merking for at fleire kan få oppleve området ved å gå tur. Det står følgjande om friluftsliv i forvaltningsplanen:

«Å få tilgang på allsidige naturopplevelinger gjennom eit enkelt friluftsliv er eit viktig delmotiv for oppretting av verneområde. Slike område vil kunne yte positive bidrag til livskvalitet, helse og trivnad for mange menneske. Omsyn til friluftslivet vil difor vere innebygd i verneforskriftene, særleg i eit landskapsvernombjørn.

I restaureringsplanen er buføringsvegen med som prioritert kulturminne. Det står følgjande omtale i planen:

«Stølsvegen går over fjellparti og gjennom skred i Tundalen. Det er naudsynt med årleg vedlikehald av vegen på grunn av ras. Varden har per i dag ingen synlege skader, men det har vore uttrykk bekymring for at delar av den held på å skli ut. Stølsvegen fra Fresvik til Fresvikjordalen har høg kunnskapsverdi knytt til landbrukshistorie, samferdslehistorie og utmarkshistorie, og opplevingsverdi knytt til estetisk verdi, handverksmessig verdi, symbolverdi og identitetsverdi. Bruksverdien er nokså høg også, sidan stølsvegen framleis er i bruk for sauher, og vegen er skiltet som tursti. I tillegg har stølsvegen og varden ein høg formidlingsverdi».



Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 3 Buføringsvegen/Fjellvegen mellom Fresvik og Fresvikjordalen. Kjelde: Fylkesatlas

I dag vert buføringsvegen nytta i samband med buføring av sau, og som turveg.

Nærøyfjorden verneområdestyre har uttalt at tiltaka med vedlikehald og istandsetting av stien har stor verdi for verneområdet. Vanleg vedlikehald av stien er ikkje søknadspliktig tiltak etter verneforskrifta. Omlegging av stien og oppattbygging av sti er tiltak som verneområdestyret kan gje løyve til med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3 f). Steinlegging gjennom steinura og fjerning av store steinar med sprenging er tiltak som ikkje kjem under vanleg vedlikehald. Forvaltar vurderer steinlegging og fjerning av store steinar i stien som viktige tiltak for å ta vare på buføringsvegen som eit kulturminne, og vurderer det er heimel til handsama søknaden etter naturmangfaldslova § 48 første ledd og første alternativ.

I verneområde kan det leggast til rette for auka ferdsel der det ikkje går utover verneverdiane. Bygging av steintrapper og steinlegging er etter kvart vorte vanleg i verneområde for å få betre tilrettelegging for besøkjande.


Kunnskapen om området er henta frå forvalningsplan, synfaring i området og erfaring med ferdsel i området. Tiltak 1 og 2 i søknaden ligg innanfor eit område som er registrert som kalvingsområde for villreinområde. Arbeid på stien vil vera på ettersommaren, og vil ikkje koma i konflikt med den sårbare kalvingstida for villrein som er frå april til midten av juni.

Så langt me kjenner til er det ingen andre kjente trua og sårbare artar eller naturtypar i området. Det er registrert mange kulturminne i nærområdet, men det er ingen kulturminne på



Nærøyfjorden verneområdestyre

eller i nær tilknyting til stien. Tiltakshavar må likevel vera merksam på at det kan vera freda kulturminne i dette området, og må melda frå til fylkeskommunen dersom det vert observert funn. Ved brekanten og der breen smeltar, er det særleg viktig å vera merksam på at gjenstandar eller verktøy frå eldre tider kan vera smelta fram. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt.



Figur 4 Kart med innteikna kalvingsområde (skravert) og kulturminne (R). Kjelde: Fylkesatlas

Det må vurderast kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. Omlegging av stien til ny trase, og oppbygging av utrasa murar vil medverka til at stien kan brukast som buføringssti også for framtida, og slik at områda framleis vert nytta som beiteområde. Det er positivt for kulturlandskapet i Tundalen at det er beitedyr i området.

Alle tiltaka vil vera enkle tiltak som i liten grad vil endra landskapet. Den største endringa vil vera langs Vassosvatnet til Gryteskarvbreen (tiltak 1). Her er den gamle stien synleg på nokre få stadar, og store deler av stien må tilretteleggast gjennom steinur. Stien skal leggjast slik at den fylgjer landskapet, og det er ikkje planlagt å bygge steintrapp på heile strekningen. På denne måten vil stien passe inn i landskapet, og vera ein god trase for buføring av sau.



Tiltak 2 vil vera enkel tilrettelegging gjennom steinura, og vil i liten grad endra landskapet. Tiltaka vil ikkje ha negativ verknad på verneverdiane.

Der stien må murast opp att i Bratta (tiltak 3), er det god tilgang på Stein frå dei gamle murane og i stien. Steinane skal plukkast ut enkeltvis, og torv og vegetasjon skal leggjast tilbake etterpå. På den måten vil uttak av Stein vil vera lite synleg i terrenget.

Omlegging av stien på fleire punkt i Tundalen (tiltak 4) har vore gjennomført også i tidlegare tider. Då forvaltar og representant frå beitelaget var på synfaring på stien i sommar, såg me mange gamle sti-traséar gjennom Tundalen. Stien går langs elva på elvekanten. I flaumperiodar har elva grave seg inn i elvekanten, og ført til at deler av elvekanten og stien har rast ut. Stien har difor vore flytta opp i terrenget fleire gonger. Forvaltar vurderer omlegging av buførestien som god tilpassing til naturlege endringar av landskapet, og eit tiltak som ikkje vil vera i strid med verneføremålet om å ta vare på kulturminne. Stien skal ha ei breidde på ca. 50 cm.

Forvaltar vurderer at dei planlagde tiltaka er små inngrep som ikkje vil føra til endringar av landskapet, og tiltaka vil ikkje gje vesentleg belastninga på naturmiljøet.

Nml. § 11 er vurdert til ikkje å vera relevant i denne saka.

Utbetting av stiar med å tilpassa stien i eit område prega av steinurer, er vanleg metode for tilrettelegging for ferdsel. Forvaltar vurderer dette som ein god miljømessig metode for tilrettelegging i dette området. Det meste av steinen kan finnast nær stien utan transport, og inngrepa vil vera lite synlege i terrenget. Stien skal tilpassast terrenget, og den skal ikkje vera meir enn 1 meter brei.

I Bratta der murane skal restaurerast, kan det nyttast kamstål for å sikra steinar i botnen av muren. Botlar for å sikre murfoten er ein metode som er nytta på andre stader på denne stien, og er ein vanleg metode i mange område. Det skal berre nyttast Stein i murane, og ikkje impregnert treverk. Steinar som ikkje kan fjernast med spett frå stien, kan delast med ekspanderande mørtel (Trollkraft). Denne metoden fører til at steinen deler seg, og ikkje vert sprengt til småstein.

Metodane som er valt for å utbeta buførestien er godt tilpassa landskapet, og vil delvis tilbakeføra stien til slik den har vore. Utbetringane vil vera til nytte både for buføring av beitedyr og for turgåarar. Forvaltar vurderer arbeidsmetoden som godt tilpassa miljøet jf. nml. § 12.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar løyve til tiltaka på stien ikkje vil vera i strid med verneføremålet eller føra til skade på verneverdiane, og rår til at det vert gitt løyve til tiltaka med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.



Arkivsaksnr: 2024/15793-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 09.01.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	5/25	17.01.2025

Nærøyfjorden verneområdestyre - møteplan 2025

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre skal ha jamlege møte i 2025 for å handsame saker i verneområdestyret og fylge opp tiltak i verneområda. Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta, kan eit møte avlysast eller utsettast. Ved hastesaker kan det gjennomførast ekstra styremøte innimellom dei planlagde møta. Styret avgjer om nokon av møta kan gjennomførast som digitale møte.

Møteplan 2025:

- 17. januar: Digitalt styremøte.
- 25. februar: Styremøte med revidert tiltaksplan for 2025
- 24.-25. eller 25.-26. mars: Styremøte med nordområdet om forvaltningsplanen og felles kunnskapsinnhenting, 2 dagar - lunsj til lunsj
- 2. og 3. juni: 2-dagersmøte med overnatting og synfaring
- 1. september: Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval
- 13. oktober: Styremøte
- 3. desember: Styremøte og planleggingsmøte med SNO for 2026

Saksopplysningar

I følgje vedtekten, bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer (punkt 7). Det har dei siste åra vore vanleg med 5-7 møter i Nærøyfjorden verneområdestyre, der dei fleste har vore med fysisk oppmøte, og eit har vore eit todagarsmøte med synfaring. I 2024 var det planlagt 6 styremøte, men det vart gjennomført 7 møte.

Vurdering

Forvaltar foreslår å legge opp til 7 styremøte i 2025, fordelt jamt utover året så me får behandla innkomne saker utan for lang ventetid. To viktige møtetidspunkt for verneområdestyret kvart år er i februar og i november/desember. I februar er det prioritering av tiltak etter at vi har fått midlane frå Miljødirektoratet, og i november/desember er det



planlegging av tiltak før søknadsfristen for midlar til året etter. Verneområdestyret skal årleg ha eit dialogmøte med rådgjevande utval. Dette foreslår vi å gjennomføre i september.

Styret sette opp møteplan for 2025 i styremøte i november 2024 (sak 44/24). Der vart møte med verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet føreslått i april. Forvaltar har vore i kontakt med sekretær for dette verneområdestyre, og dei har planlagt møte siste veka i mars. Vi legg difor inn framlegg om møte i mars i staden for april i 2025. Dette møtet er viktig for å diskutera arbeidet med felles prosjekt med forvaltningsplan og felles kunnskapsinnhenting i samband med den.

For at styret skal få best mogleg kunnskap om verneområdet dei har forvaltningsansvar for, bør nokon av styremøta gjennomførast i kombinasjon med synfaringar i området. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt er mellom juni og september, avhengig av snømengde og mål for synfaringa. To-dagarsmøte med synfaring er føreslått lagt til juni.



Arkivsaksnr: 2024/18473-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 08.01.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	6/25	17.01.2025


Nærøyfjorden verneområdestyre - Gudvangen - Installasjon av skredvarslingssystem

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Vestland fylkeskommune løyve til etablering av skredvarslingssystem ved Nautgrovi i Gudvangen i Nærøyfjorden landskapsvernområde.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 e). Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Koordinator for plassering av mastene med installasjonar for varsling av ras: Mast 1: Nord 6751652,2, aust 383408,4. Mast 2: Nord 6751608,8. aust 382354,7. Stopplys ved fv. 241 skal plasserast slik det kjem fram av fig. 1 i vedtaket.
- Tiltaka skal avgrensast til det som er strengt naudsint som sikringstiltak.
- Dersom det ikkje lenger er bruk for skredvarslingssystemet, skal installasjonane fjernast frå verneområdet, og terrenget tilbakeførast til slik det var før tiltaket vart gjennomført.



Figur 1 Kart med plassering av mast 1 og 2, og to stopplys ved fylkesveg 241

Saksopplysningars

- Søknad og informasjon om installasjonar for varsling av ras frå Nautgrovi, Vestland fylkeskommune, 20.09.2024
- Tilleggsinformasjon til søknad om installasjonar for varsling av ras, Vestland fylkeskommune, 29.10.2024

Søknaden

I 2019 sette Statens vegvesen opp 2 master ved Nautgrovi i samband med varsling av ras på fylkesveg 241 Gudvangen-Bakka. Vestland fylkeskommune har overtatt ansvaret for fylkesvegen, og etablerte nytt og oppdatert skredvarslingssystem i 2024.

Verneområdeforvaltar vart merksam på etablering av tiltaket gjennom lokalavisa Hordaland, og tok kontakt med fylkeskommunen for å informera om at tiltaket var søknadspliktig etter verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde. Statens vegvesen gav informasjon til fylkeskommunen om at tiltaka som var gjennomført i 2019 var avklart med verneområdeforvaltinga. Statens vegvesen har ikkje lagt fram dokumentasjon på dette, og verneområdestyret har heller ikkje handsama saka i 2019. Fylkeskommunen har difor sendt søknad om tiltaket i etterkant av at tiltaket er gjennomført.

Informasjon om skredvarslingssystemet (kopi frå informasjon i søknad)

«I 2019 ble det etablert et geofonanlegg (RMAD) i Nautgrovi. Dette geofonanlegget består av geofoner, datalogger og radiosender oppe i fjellsiden, samt et styreskap nede ved vegen for å motta geofondata og sende signal om vegstenging. I desember 2023 ble dette styreskapet tatt av skred.



Nærøyfjorden verneområdestyre

Det blei så inngått kontrakt om å erstatte styreskapet, samt å installere ny geofon/3D-akselerometer løsning (RADS). Tidligere var geofonanlegget i drift fra 1. november til 31. mai. I den nye kontrakten er det helårsdrift.

I april 2024 ble styreskapet ved vegen erstattet slik at geofonanlegget (RMAD) igjen var operativt.

I september 2024 ble geofon/3D-akselerometer løsning (RADS) installert. RADS-systemet trenger en innkjøringsperiode, men vil på sikt erstatte RMAD.



Figur 2 Kart med markering av 2 master ved Nautgrovi. Kjelde: Søknad frå fylkeskommunen



Figur 3 Mast 1 ved Nautgrovi. Foto Vestland Fylkeskommune



Figur 4 Mast 2 ved Nautgrovi. Foto Vestland fylkeskommune



Figur 5 Stopplys ved tunellen, retning Gudvangen. Kjelde: Søknad fra fylkeskommunen

I geologisk notat (Statens vegvesen 11.04.2019) vedlagt søknaden står det følgjande om skred i Nautgrovi:

«Problemet i Nautgrovi er i hovedsak blaute/fuktige snøskred og skred i som går i vegen mange ganger i året. Skredaktiviteten i øvre del av vollområdet og skredvifta er enda større enn nede ved vegen.

Dei største skreda losnar som flakskred i opp til 1200-1400 meters høgd.Desse skreda kan losne med store volum, og har potensiale for å dra med seg mykje snø nedover løpet. I og med at det ofte er mildare nede ved fjorden enn i høgfjellet går skredmassane ofte over frå å vere tørre til å bli eit blautt snøskred i løpet av skredbana. Dei blaute snøskreda lar seg godt styre av hindringar og vollar. Dette er synleg både ved eksisterande voll, og der det ligg skredmassar i området. Skred kan bøyast av i ulike retninger. Ved hendingar med tørre flakskred har det vore registrert at snøskya har komet rett fram frå gjelet, og ikkje blitt bøygda av med vollen.

Skred i Nautgrovi kan også losne som blaute laussnøskred i sjølve skredløpet. Desse skreda blir sjeldan så store, men kan bidra til å fylle opp nedre delar av skredløpet og skredvifta med skredavsetningar. Grunna utforminga på vollen får sjølv små skred lange utløp, og mange når vegen. Ein sjeldan gong kan det gå flaumskred i løpet, men dette er berre registrert tre gonger av dei 84 skredhendingane.

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008



- Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter. Miljødirektoratet, Veileder – M106-2014

Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernombord er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombord er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.*».

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode, jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Dette gjeld t.d. «...oppføring av anlegg og faste innretningar, framføring av luftleidningar....sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse...» (jf. § 3 punkt 1.1. a)). Verneområdestyret kan gje løyve til utbetring og rassikring av vegen mellom Gudvangen og Bakka og vegen til Jordalen, jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 e).

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Installasjonane som er sett opp i fjellsida ved Nautgrovi er sett opp innanfor Nærøyfjorden landskapsvernombord. Også stopplysa ved fv 241 utanfor kaianlegget og ved tunellen er sett opp innanfor verneområdet. Oppføring av faste installasjonar i verneområdet er søknadspliktig etter verneforskrifta. I verneforskrifta er det gitt opning for rassikring av vegen mellom Gudvangen og Bakka, men det må vurderast om tiltaket er naudsynt, og om det skal gjevast løyve til tiltaket.

I nedste del av Nautgrovi er det bygd ein skredvoll. Vollen er bygd utanfor verneområdet, men tett opp til vernegrensa. Det er ikkje registrert trua naturtypar eller artar i området der installasjonane er sett opp, men i nærområdet er det mange registreringar av skjeldne og trua sommarfuglartar. Dei etablerte installasjonane som er sett opp skal ikkje flyttast på, og vil lite truleg gje vidare negativ verknad på naturtypar eller artar. Dersom det er trong for fleire tiltak i samband med skredvarslingssystemet, bør det gjennomførast kartlegging av artar og naturtypar i området. Forvaltar vurderer kunnskapen om området (jf. nml. § 8) som god nok for tiltaket som er gjennomført. Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er ikkje vektlagt i denne saka.

Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga eit tiltak kan få på økosystemet jf. nml. § 10. Dette skredvarslingssystemet er ein utbetring av eit eksisterande anlegg, og har ikkje gitt nye store inngrep i landskapet. Som det kjem fram av søknaden, er det stor fare for skred i dette området, og skreda utgjer stor fare både for kaianlegg og busetnaden i området. Skredvarslinga gjev ein auka tryggleik for busette og næringsaktørar i området, og det krev ikkje store nye etableringar i verneområdet. Installasjonane fører ikkje til stort inngrep i naturen, og påverkar i liten grad verdsarverdiene som er aktive geologiske prosessar. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn at tiltaket gjev liten auka belastning på naturverdiar og økosystemet.



Nml. § 11 er vurdert som lite relevant i denne saka.

Forvaltninga fekk ikkje informasjon om tiltaket før det var gjennomført, og har ikkje hatt moglegheit for å vurdera metoden som er nytta for å gjennomføra tiltaka. Bilda av installasjonane som er sendt inn saman med søknaden, viser små inngrep i terrenget. Dette tyder på at tiltaket er gjennomført med ein miljøforsvarleg metode jf. nm. § 12, og gjennomføringa av tiltaket har ikkje ført til skade på landskapet.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingane etter nml. §§ 8-12, og verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombude, rår forvaltar til at skredvarslingssystemet kan bli ståande slik det er etablert ved Nautagrovi og ved fv 241, Bakkavegen.